

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 12.03.2012



Fire har fått fast jobb



Frå venstre: Ivar Folkedal, Roger Sevrin Bruland, Ingvild Ryssdal og Gunn Evy Auestad

I løpet av nokre få månadar har fire tidlegare nynorskpraktikantar fått fast tilsetting. Dei heldige er Ivar Folkedal (1983), som er tilsett som vaksjef for forbrukarstoffet i Egmont Hjemmet Mortensen, Roger Sevrin Bruland (1977), i nyhendeavdelinga i NRK, for det meste i utanriksredaksjonen. Ingvild Ryssdal (1983) i nyhendeavdelinga i NRK, vi høyrer henne i Dagsnytt/Alltid Nyheiter og Gunn Evy Auestad (1986) i nyhenderedaksjonen i NRK.no, der ho for tida arbeider i 22. juli-redaksjonen.

- Det er sjeldan dei faste tilsettingane kjem så tett, men vi gler oss med dei som får seg fast arbeid. Desse fire var nynorskpraktikantar i tidsrommet 2007 til 2010, seier Magni Øvrebotten.

Per 1. mars 2012 har vi lært opp 75 nynorskpraktikantar, og 73,3 prosent av dei arbeider i media. 27 av dei har fast arbeid, 21 i NRK. Totalt arbeider 46 av dei 75 i NRK.

Premiere på ”Norske røter” 18. mars



Samina Bruket, programleiar i Norske røter (Foto: Odd Arne Olderbakk/NRK)

Søndag 18. mars kl. 20.05 er det premiere på programserien "Norske røter" i NRK 1, med Samina Bruket (1985) som programleiar. Ho var den fyrste fleirkulturelle nynorskpraktikanten, med mor frå Stord og far frå Pakistan.

Samina var ferdig som praktikant i mars 2009, fekk fast jobb i NRK Rogaland i august same året og i november sende dei henne til Bergen som programleiar i Norge Rundt, den yngste gjennom tidene.

- I eit heilt år fekk eg reisa i spora til forfedrane våre, og no gler eg meg til å få dela opplevinga med heile landet. Dei ukjende, forhistoriske slektningane våre kjem plutselig mykje nærare. For eit liv dei har levd, pionerane her i nord. Det overraska meg kor mykje kunnskap som faktisk finst om dei tidlege forfedrane våre, seier Samina Bruket.

Dokumentarserien er på fire program og handlar om dei fyrste nordmenn og kvinner. Frå istida til vikingtida. Spora etter dei finst i jorda, på havbotn, på bergveggen, i språket og genane våre.

Ein draum har gått i oppfylling



Kull 16. Frå venstre: Katrine Nybø (1986), Ingunn Rauk (1983), Hans-Olav Rise (1991), Wilhelm Støylen (1980), og Raymond Lidal (1986). (Foto: Randi Indrebø/NRK)

For ei veke sidan byrja kull 16 i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei byrja som nynorskpraktikantar 3. januar og er ferdige i Førde 27.april. Frå 2. mai til og med 30.juni skal dei i ekstern praksis, kvar er ikkje avgjort enno.

Katrine Nybø:

- Det å få kome til NRK og Nynorsk Mediesenter har vore ein draum eg har hatt i mange år. På dei to månadene eg har vore her har eg lært meir enn eg nokon gong trudde eg kunne få til på så kort tid. Eg har fått prøve meg som nettjournalist, TV-reporter og som radioreporter, både på direkten og i opptak.

Eg har hatt enormt utbytte av "lære det med å gjere det"- metoden som dei brukar her, ein utruleg fruktbar måte å få ting skikkelig inn i fingrane på. Allereie andre dagen i internpraksis vart eg kasta ut på HF-rapportering, og fire dagar etter er eg på direkten frå Junior-NM i skiskyting heile føremiddagssendinga. Ei kjempefin erfaring!

Vi har fått god opplæring av dei tilsette ved Nynorsk Mediesenter, og arbeidsmiljøet nede på desken er utruleg godt, der dei drivne journalistane tek i mot praktikantane med opne armar.

Ingunn Rauk:

- Å vere nynorskpraktikant er intenst, spennande, skummelt og moro, alt på éin gong! Eg skjønar kjensla tidlegare praktikantar har hatt av å gå opp til eksamen kvar dag. Men det er greitt når læringskurven peiker bratt oppover. Det er rart å tenkje på alt eg kan no som eg aldri hadde vore borti for berre to månader sidan. Eg gler meg til å få prøvd meg i internpraksis dei neste to månadene!

Raymond Lidal:

- NRK Nynorsk mediesenter er ein særst god veg for alle som vil lære seg journalistikkfaget. Det må seiast at eg kjenner meg heldig som har nynorsk som hovudmål. Og for ein som hadde absolutt inga røynsle med journalistikk, var dette det perfekte opplegget. Opplæringa har vore krevjande og utfordrande, men særst lærerik og, ikkje minst, veldig gøy! Ein får grundig trening i dei journalistiske verktøya i NRK, samstundes som ein får med seg verdifull erfaring frå praksisen i NRK Sogn og Fjordane. Etter fyrste veka har eg allereie laga ei sak for Vestlandsrevyen, noko som absolutt gav meirsmak.

Hans-Olav Rise:

- Tida på Nynorsk Mediesenter så langt har vore inspirerande, kjekk – og ikkje minst lærerik. Etter to gode – og litt frustrerande – månader med opplæring i radio, TV, og ei oppfrisking i nett, er det godt å ha innteke desken. Det er eit utruleg godt arbeidsmiljø, med dyktige folk i alle ledd. No ser eg fram til to månader med knallhard jobbing, før det blir vidare ut i NRK-systemet med to månader ekstern praksis. Eg føler meg utruleg privilegert her eg sit, for dette opplegget er enkelt og greitt fantastisk.

Wilhelm Støylen:

- Så langt har det gått i eit bankande køyr på Nynorsk Mediesenter. Det kan eg like. Eg har lært mykje om å vere ein effektiv historieforteljar som held meg stramt til fokus. Det eg har lært mest om er å velje vekk. Det har vore veldig nyttig og oppklarande på fleire plan. Eg likar og at vi får lære å jobbe på fleire plattformer og at vi får prøve oss med ein gong.

- Vart vaksen på Nynorsk mediesenter



Kull 15. Frå venstre: Sondre Dalaker, Susanne Egset, Maria Pile Svåsand, Agnese Bremere og Lars Erik H. Andreassen

29. februar 2012 var kull 15 ferdige som nynorskpraktikantar. Dei hadde praksis i mP3 på Tyholt, NRK Sogn og Fjordane, NRK Hordaland, NRK Dagsnytt og i Kulturnytt i NRK P2.

Alle held fram i NRK etterpå, ein som vikar, dei andre som tilkallingsvikarar. Slik oppsummerar dei seks månader som nynorskpraktikantar:

Sondre Dalaker :

- I løpet av dei seks månadane på Nynorsk mediesenter har eg blitt vaksen. No har eg fått eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane, noko eg aldri hadde fått om eg ikkje hadde vore nynorskpraktikant. Eg har lært utruleg mykje, og eg har fått kick-starta journalistkarrieren på ein framifrå måte. No ser eg fram til korleis eg klarer meg på eiga hand i journalistverda, det blir spanande!

Lars Erik Andreassen:

- Tida som Nynorskpraktikant er over, men eg vil alltid hugse dei seks korte månadane hos NRK Nynorsk mediesenter. No har eg fått jobb som tilkallingsvikar i NRK på Tyholt ut året og har allereie jobba for både Norgesglasset og Her og nå. Eg føler at leiarar i NRK ser på Nynorsk mediesenter som eit kvalitetsstempel og at eg får ansvar og mykje å leve opp til allereie fyrste dag på jobb i nye redaksjonar. Det ser eg sjølv sagt på som positivt.

Maria Pile Svåsand:

- Seks månadar som nynorskpraktikant har gått som ein vind. Eg klarar nesten ikkje fatte kor mykje eg har fått gjort og lært på den tida. Frå å lære å bruke redigeringsprogramma og kva APUS og fokus er, til å ha sak i dei største nyheitsprogramma i landet i løpet av eit halvår er ganske vilt. Det har vore mange tøffe utfordringar undervegs, men ein jobb som både kan få meg til å grine og til å boble over av adrenalinkick i løpet av same veka, må jo vere draumen, syns eg. No er eg klar for ei usikker, men spennande tid framover. Det er rart å ikkje ha tryggheta i Nynorsk Mediesenter lenger, men med alt eg har lært der, bør eg vere godt rusta til å klare meg sjølv.

Susanne Egset:

- Tida som nynorskpraktikant har vore den mest intense læreperioden til no i livet mitt. Kursverksemda på ”loftet” i NRK-huset i Førde gav oss eit skikkeleg fundament for å klare oss i ein redaksjon. Etter å ha prøvd å arbeide både med radio, TV og nett i NRK Sogn og Fjordane, var det vanskeleg å velje kvar eg helst ville ha eksternpraksis. Eg ville alt! Då eg fekk ha praksis i NRK Dagsnytt på Marienlyst fekk eg spesialisert meg i radio, noko eg ikkje angrar eitt sekund på. Eg har fått prøvd å gå direkte, lage eigensaker og samtidig arbeide på desken der temperaturen er høg og tempoet endå høgere.

Når eg reflekterer over tida både i opplæring og i praksis, sit eg att med ein godt innarbeidd nyhendeteft og ei kjensle av at eg kan meistre det meste - fordi eg har fått lov til å prøve det meste. Eg har fått tillit og sjølvtilit i arbeidet mitt. I ettertid har eg fått tilkallingsvikariat både i Dagsnytt og på NRK.no. Dette er ein sjans til å ha ein uhorveleg spanande arbeidskvardag som eg aldri hadde fått utan Nynorsk Mediesenter.

Agnese Bremere:

- No når eg er ferdig som praktikant, må eg innrømme at det er godt å få reise ut på nye eventyr. På grunn av Nynorsk Mediesenter har eg no mange fleire moglegheiter å sjå fram til. Eg håpar å fortsetje i NRK så lenge dei vil ha meg, eller så lenge eg vil ha dei. Den som lever får sjå kva som skjer. Eg har møtt folk som kan bli vener og kjente for livet og eg tek med meg mange gode minner frå tida som praktikant. Eg har vore glad, irritert, trøyt, inspirert, sliten, nysgjerrig, utfordra, kreativ og ei mengde andre ting, nettopp slik livet skal vere.

Kull 17 er lyst ut

Det syttande kullet med nynorskpraktikantar er lyst ut med søknadsfrist 15. april. Utlysinga ligg på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no og på jobbsidene i NRK. Kullet vert tilsett i byrjinga av mai og skal starte på opplæringa i Førde 20. august. Dei fem er ferdige her til jul og som praktikantar til 1. mars 2013.

- No som før leitar vi etter desse brennande sjelene, som brukar nynorsk og vil bli journalistar, seier Magni Øvrebotten. Føremålet er å skaffe fleire nynorskbrukande journalistar, som kan vere førebilete for både nynorskbrukarar og andre, og som kan gje nynorsken innpass på stadig nye felt i media.

26 framlegg til nynorskprisen

Det kom inn 26 framlegg til kven som bør få Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2012. Prisen var lyst ut i ei rekkje aviser, både lokalt, regionalt og nasjonalt. 1. mars var fristen for å kome med framlegg.

Juryen skal ha møte på Bryne 7. mai og i løpet av den veka vert det kunngjort kven som får prisen. I juryen er NRK-journalist Gry Molvær leiar, ho har med seg forfattar Olaug Nilssen og kommentator i Stavanger Aftenblad, Tom Hetland. Magni Øvrebotten, i NRK Nynorsk mediesenter, er sekretær for juryen.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 29. juni.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 01.03.2012 har vi sendt frå oss 75 nynorskpraktikantar, og 73,3 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 46 av dei arbeider i NRK. Totalt har 27 fast arbeid i media, 21 i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio og fjernsynsprogram, som til dømes Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK Super, Radio Super, i NRK.no og ved distriktskontora i Hedmark/Oppland, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland.

I statusrapportane tek vi berre med dei fem siste kulla, men på www.nynorskmediesenter.no finn du alle kulla og vi oppdaterer jamleg kvar det blir av nynorskpraktikantane.

Kull 15 – 22.08.2011 til 29.02. 2012.



Sondre **Dalaker** (1992) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Agnese **Bremere** (1988) er tilkallingsvikar i NRK.no, Susanne **Egset** (1989) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK.no, Maria Pile **Svåsand** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og Lars Erik **Andreassen** (1991) er tilkallingsvikar på NRK Tyholt.

Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011



Jonas **Sætre** (1986) er vikar i NRK.no, Ingrid **Brandal Myklebust** (1986) er student og vikar i NRK Dagsrevyen. Ingvild **Nave** (1990) tek Europastudiar ved Universitetet i Bergen og frilansar for NRK Hordaland. Gry **Brekke Hustveit** (1983) er frilansar på fleirkamera og Christian **Wiik Gjerde** (1981) er vikar i NRK Radio Super, som reporter og produsent.

Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard **Troøyen Foseide** (1984) er fast tilsett informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er vikar i NRK Sporten, Hilde **Zahl** (1982) er tilkallingsvikar som programleiar i Kveldsåpent i NRK P1, Karl Kristian **Langeland** (1984) er vikar og programleiar i NRK Sogn og Fjordane og Hans Kristen **Hyrve** (1985) er tilkallingsvikar i RadioSelskapet og i sendeleinga i NRK P2.

Kull 12 – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984) er vikar i Språkrådet, Ingvil **Aaen Torpe** (1982) er vikar og vaktsjef i "Førkveld" i NRK Hordaland. Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i "Kulturhuset" i NRK P2. Mari **Langva** (1986) har foreldrepermisjon og Gunn Evy **Auestad** (1986) er fast tilsett i nyhendeavdelinga i NRK.no

Kull 13 – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre: Mathias **Oppedal** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. Aleksander **Vallestad** (1983) er vikar i NRK Hordaland, frå 1.april vikar som musikkprodusent i NRK P1. Sara **Myhren Kornberg** (1987) er vikar i NRK Hedmark/Oppland, etter påske vert ho vikar i Radio Norge. Simon **Solheim** (1990), er vernepliktig journalist i Forsvarets Mediesenter og tilkallingsvikar i Dagsnytt og Bjørn Ivar **Voll** (1985) er frilansar.

Visjon og verdjar

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreining av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at dyktig vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein frodig tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt framfus i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no